

Bjørn Ove Iden, levegen 129 B

5917 Rossland

Statens vegvesen, Nygårdsgaten 112

5008 Bergen

Søknad om fradeling av parsell-dispensasjon, på lo gnr. 49 bnr. 12 i Meland kommune.

Dykkar skriv d. 25.11.16, ref. 16/70927-8

Av Dykkar skriv går det fram at Statens vegvesen ikkje har hatt sak til uttale i samband med etablering av ny bueining på bnr. 12 i 2008.

Etter vårt syn kan vi ikkje sjå at dei tiltak som er gjennomført på vårt hovudbruk(bnr.12) i perioden frå 1970 til no har ført til utvida bruk eller auka trafikk over fellesavkjørsla frå fylkesvegen. Dette av fylgjande grunnar:

I perioden fram til 1990 dreiv underteikna saman med familien sandgraving frå båt på Herdlaflaket. Sanden vart ført på land over kai ved naust i Seljevika på bnr. 12. I denne samanheng var det relativt mykje trafikk, over fellesvegen og ut på fylkesvegen, i samband med lossing og henting av sand m.m.

Sandgraving på Herdlaflaket vart avslutta i 1990. Trafikken over fellesvegen og avkjørsla frå fylkesvegen vart då vesentleg redusert.

I 1988 vart det søkt Meland kommune om riving av naustet i Seljevika og oppføring av eit lager/verkstadbygg. Søknaden vart godkjent i kommunen 26.05.88, sjå vedlegg.

I 1994 vart det søkt Meland kommune om bruksendring for 2. etg. i verkstad/lagerbygg til bustadføremål/utleiehytte. Søknaden vart godkjent i kommunen 24.10.94, sjå vedlegg.

I 2006 vart det søkt om bruksendring for 2.etg. i bygget, frå utleiehytte til budstadføremål. Søknaden vart godkjent i kommunen 31.05.06, sjå vedlegg.

Meland kommune har ikkje, i overnemnde saker, sett fram krav om at det måtte søkjast Statens vegvesen om utvida bruk av avkjørsla frå fylkesvegen. Vi må her gå ut i frå at kommunen har vurdert det slik at dei omsøkte tiltaka ikkje ville medføra vesentleg auke i

bruken av avkjørsla. Tvert imot vart trafikken til og frå bnr. 12 vesentleg redusert når det vart slutt på transporten av sand frå sandlageret ved kaien i Seljevika.

Bustadhuset som det no vert søkt om frådelling av tomtearealet til vart godkjent i Meland kommune i 1970 og bygd i 1971. Omsøkt frådelling av tomteareal til det eksisterande bustadhuset vil ikkje føra til auka bruk av avkjørsla frå fylkesvegen.

Vi er klår over at den eksisterande avkjørsla frå fylkesvegen ikkje stettar dagens krav til slike avkjørsler. Men det vil vera eit omfattande arbeid å utbetra og eventuelt legga om avkjørsla slik at den stettar dagens krav. Ei slik omlegging bør fortrinnsvis skje som eit fellesprosjekt for alle brukarane av den private fellesvegen, slik at kostnadene kan fordelast på alle. Krav om slik utbetring kan då også setjast i samband med eventuelle nye utbyggingstiltak i området.

Med tilvisning til overnemnde vonar vi at vi kan få godkjenning for frådelling av det omsøkte tomtearealet, slik at bustadhuset med tomt kan overskøytast til vår datter.

Med helsing

10.15.12.16 Bjørn Oae Tden Aslild Tden

Kopi til : Meland kommune.